



Stian Marøy

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1415 - 19/8311

Saksbehandlar:

Madeleine Fonnes Aase

Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no

Dato:

24.05.2019

Igangsettingsløyve for - gbnr 23/19, 89

Delegasjonssak nr.: 132/2019

Administrativt vedtak. Saknr: 132/2019

Tiltakshavar: Stian Marøy

Ansvarleg søkjar: Stian Marøy

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av einebustad og garasje med tilhøyrande anlegg.

Kommunen har i vedtak datert 03.09.2018 gjeve rammeløyve til tiltaka.

Det vert elles vist til søknad mottekenog sist supplert 20.05.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Det mangla løyve til tilkopling til VA. Det er gjeven av ansvarleg mynde, 20.05.2019. Søknad er då komplett og kan tas vidare til behandling.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.05.2019 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarsrettar og tiltaksklasse i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan datert 07.05.2019.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasser og ansvarsrettar til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, jf. § 21-2, 5.ledd, §§ 20-2 a og 20-3 vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket på følgjande vilkår:

1. Vilkår i rammeløyve datert 03.09.2018 gjeld for tiltaket.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det kan søkast om ferdigattest.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode: 10.2.10. Delt sakshandsaming Kr. 3 200,-

Totalt gebyr å betale: **Kr. 3 200,-**

Faktura vert sendt per post.

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar Madeleine Fonnes Aase.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1415

Med helsing
Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Madeleine Fonnes Aase
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Stian Marøy